



Tore Paulsen  
Dalemarka 93  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10489 - 22/21643

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
07.04.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 321/64 Dale nedre

Tiltak: Bruksendring  
Byggjestad: Gbnr: 321/64  
Tiltakshavar: Tore Paulsen  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.12.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn informasjon om samla bruksareal (BRA) for eigedom.
2. Søknad om bruksendring er underlagt krav om ansvarsrett etter pbl.§20-3. Søknad må supplerast med ansvarserklæring og gjennomføringsplan frå ansvarleg føretak.

Alternativt må det søkjast om ansvar som sjølvbyggjar, jf. SAK10 §6-8. Sjå her for lenkje til SAK10: <https://dibk.no/regelverk/sak/>

3. Minner på generell basis om at tekniske krav i byggteknisk forskrift (TEK17) slår inn for rom som blir bruksendra. Ved eventuell søknad som sjølvbyggjar oppmodast det om å gå inn i regelverket for å vurdere om tiltak er i samsvar med desse.

Sjå her for forskrifta: <https://dibk.no/regelverk/byggteknisk-forskrift-tek17/>

Det er elles avklart per telefon at det vil vere gjennomgang frå kjellarleigheit til hovudplan. Dette inneber at areal ikkje blir vurdert som sjølvstendig bueting. Viser generelt til SAK10 §2-2 som kan nyttast som vegleiiing for kva som utgjør sjølvstendig bueting.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan **13.05.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Tore Paulsen

Dalemarka 93

5918 FREKHAUG